



Gode stader for fuglekikking

- * Lundeura
- * Raudenipa
- * Kaldekloven
- * Kvalneset

Verna område på Runde

- 1 Runde vestside
- 2 Runde nordside
- 3 Runde austside
- 4 Grasøyane
- 5 Goksøyryrane naturreservat

Fakta & informasjon

	Kor ligg Runde?	Runde ligg i Herøy kommune, Møre og Romsdal. Grasøyane ligg i Ulstein kommune.
	Korleis kjem eg meg dit?	Fly: Til Ørsta el. Ålesund. Hurtigruta: Torvik i Herøy Buss el. bil vidare
	Overnatting	Fleire alternativ på Runde og i Fosnavåg. Bestill helst på førehand.
	Gode utkikkspunkt	Lundeura (helst etter kl. 18) Kaldekloven, Raudenipa, Kvalen ved Runde fyr. Båt-tur rundt øya.
	Verneområde i nærleiken	Eit stort utval av verneområde nær Runde. Myklebustvatnet naturreservat, Grimstadvatnet naturreservat, Giske våtmarkssystem (Ramsar).
	Ramsar	Internasjonal våtmarkskonvensjon. www.ramsar.org
	Forvalting	Fylkesmannen i Møre og Romsdal.
	Oppsyn, informasjon	Statens naturoppsyn, Molde.
	Meir informasjon	www.naturbase.no

EMH GRAEFISK miljømerket trykkesak 2041 0690



Runde

Velkomen til Runde

Velkommen til Runde

Runde er Sør-Noreg sitt største fuglefjell, med over 50.000 hekkande par sjøfugl. Her klamrar havsulene og krykkjene seg fast til stupbratte fjellet, medan lunden har reiret langt inne i steinur og jordgangar. Storjoen heng i lufta over Goksøyrrmyrane, og havørna kan segle forbi på jakt etter eit måltid. Mange fugleartar besøker øya i trekketidene, og totalt er det registrert over 230 fugleartar her.

Hekkeresultata varierer sterkt frå år til år ut frå tilgangen på næring. Den mest talrike arten er lunde. Bestandane av krykkje, alke, lomvi og toppskarv har gått kraftig tilbake, men alle kan framleis opplevast på Runde.

På den positive sida har havsula etablert seg som hekkefugl på 1940-talet, og storjoen har komme til Runde etter dette. Begge artane har

vore i vekst etter etableringa. Havsula har lettare for å finne eigna fisk til føde enn dei andre fuglefjellsartane. Storjoen skaffar seg eit lettvinnt måltid ved å jage sulene slik at dei gulpar opp fisken dei har fanga.

I 2013 fekk Runde status som internasjonalt verdfullt våtmarksområde etter Ramsar-konvensjonen.



Havsule.



Havhestar.



Toppskarv.



Storjo-par.



Krykkjer.

Freda område

Runde fuglefredingsområde består av fire delområde (1-4 under). I tillegg er det eit naturreservat på øya.

Fuglelivet på Runde er på det rikaste i hekkeperioden frå slutten av mai og ut i juli-august. Her er stasjonære fuglar året rundt, og det mellomandar mange artar under trekket vår og særleg haust. Mai og juni er dei sikraste månadane for å oppleve fuglelivet. Lunden kjem gjerne inn til reirgangane om kvelden.

1. Runde vestsida

Her hekker havsula i Rundebranden, og det er ungar her ut august. Dei største koloniane av lunde hekkar i Lundeura, men det er lunde over store delar av området. Her er også lomvi og alke.

2. Runde nordsida

Dette var viktigaste området for toppskarv, og framleis er det fuglar å sjå. Her ser ein godt fuglane som kjem inn til fuglefjellet med mat.

3. Runde austsida

Området frå Hellestien til Geita er det viktigaste hekkeområdet for gråmåsanane. Her er også andre fugleartar.

4. Grasøyane

Hit kjem ein seg berre med båt. Det mest spesielle er selkoloniane med steinkobbe og havert. Her finn selen ro til å føde ungar.

5. Goksøyrrmyrane naturreservat

Dette er ei stort myrområde utan spesielle inngrep. Naturtypen vert kalla terrengdekkande myr, og her har storjoen etablert seg.

Ferdelsforbod

Ferdsl og ilandstiging frå båt er forbode i perioden 15. mars til 31. august i områda 1-3, og frå 15. april til 15. august i område 4. Ver vennleg og respekter ferdelsforbode av omsyn til fuglelivet. Grensene er markerte med skilt og fysisk avstenging. Bruk dei tilrettelagte stiane.

Andre restriksjonar

I heile resten av Runde med tilgrensande sjøområde er alle fuglar og pattedyr freda mot jakt, fangst, skade eller øydeleggingar. Ta også omsyn til fuglar som ligg på sjøen ved båtbruk, og senk farta om nødvendig. Fuglane ligg gjerne på sjøen og ventar på å flyge opp i fuglefjellet.



Alker.



Fuglefjellet på Runde vestsida.



Grasøya.



Runde.